



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato: 24.04.2012
Møtetid: 13:00 - 15:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
<ul style="list-style-type: none">• Grete Gaugstad• Kirsten Lægland	<ul style="list-style-type: none">• Bjørg Solvang• Oddbjørg Hisdal

Andre som var til stades på møtet:

- Politisk sekretær Magda Haugen

Merknader:

Møtesekretæren gjorde merksam på at det er ein skrivefeil på siste side, siste setning i sak 004/12. Der skal det stå Eldrerådet og ikkje Rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

Orienteringar/meldingar:	<ul style="list-style-type: none">• Brev frå Helsedirektoratet dat 17.02.12 om midlar til demensomsorg i Samnanger kommune vart teke til orientering.• Eldrerådet ynskjer å invitera leiar for Pleie- og omsorgseininga til eit møte i Eldrerådet slik at dei kan få orientering om aktivitets- og omsorgstilbodet i kommunen samt om framdrifta i arbeidet med å byggja ny sjukeheim.
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	

Utvalet sitt kvarter:

- **Bjørg Solvang** la på vegne av Pensjonistforeninga fram eit framlegg til bruk av "Mastemillionane". Fristen for å koma med slike framlegg er no gått ut, men møtesekretæren lova at framlegget skulle koma fram til Kommunestyret før deira handsaming 02.05.12.
- **Solveig Sjursen** spurde om framdrifta når det gjeld arbeidet med frivilligsentral i Samnanger. Brigte Olav Gåsdaal orienterte om arbeidet så langt.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15.05.2012

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/12	12/264	Faste saker	
004/12	12/224	Plan for folkehelsearbeid - høyring til planutkast	
005/12	12/198	Kommunedelplan - kulturminne 2012- 2015 - Planprogram til høyring i Eldrerådet	

SAKNR. 003/12
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

24.04.2012 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

ELD-003/12 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 004/12

PLAN FOR FOLKEHELSEARBEID - HØYRING TIL PLANUTKAST

24.04.2012 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Eldrerådet sluttar seg til opplegget som utval for oppvekst og omsorg legg opp til i arbeidet med plan for folkehelse. Eldrerådet ser det som svært viktig å få ein god oversikt over eksisterande aktivitetstilbod for eldre og gjera dei tilgjengelege for flest mogleg av innbyggjarane.”

ELD-004/12 VEDTAK:

Eldrerådet sluttar seg til opplegget som utval for oppvekst og omsorg legg opp til i arbeidet med plan for folkehelse. Eldrerådet ser det som svært viktig å få ein god oversikt over eksisterande aktivitetstilbod for eldre og gjera dei tilgjengelege for flest mogleg av innbyggjarane

SAKNR. 005/12

KOMMUNEDELPLAN - KULTURMINNE 2012- 2015 - PLANPROGRAM TIL HØYRING I ELDRERÅDET

24.04.2012 ELDRERÅDET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

” Eldrerådet sluttar opp om opplegget til planprogram for kulturminne 2012- 2015, Jfr. vedtak i OO sak 7/12, 27. mars 2012.”

ELD-005/12 VEDTAK:

Eldrerådet sluttar opp om opplegget til planprogram for kulturminne 2012- 2015, Jfr. vedtak i OO sak 7/12, 27. mars 2012.

